



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

Til medlemene i
Kyrkjeleg fellestråd i Kvam

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: ol485@kyrkja.no
Telefon: 41 40 00 35
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
osl/06/23

Dato:
16. juni 2023

Innkalling til møte i Fellestrådet

Stad: Norheimsund kyrkje
Tid: Torsdag 29. juni kl 17.00

Sakliste:

- 11/23 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
- 12/23 Meldingar
- 13/23 Årsmelding for fellestrådet 2022
- 14/23 Rekneskap for fellestrådet 2022
- 15/23 Revisjonsrapport for fellestrådet 2022
- 16/23 Justert budsjett 2023
- 17/23 Kjøp av kraft
- 18/23 Kjøp av rekneskapstenester
- 19/23 Kjøp av revisjonstenester
- 20/23 Personalsak – møtet vert lukka.

Varamedlemene møter dersom den faste representanten melder forfall.

Mogeleg forfall skal meldast til sekretæren i god tid før møtet.

VEL MØTT !

For Fellestrådet:

Lisbeth Henriksen, leiar

Olav Skeie Lid, sekretær

11/23 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat

Framlegg til vedtak: Sakliste, innkalling til dagens møte, samt møtebok for fellesrådsmøte 26. mars vert godkjende. Til å skriva under møteboka for førre fellesrådsmøte vert valde:

12/23 Meldingar

- Det kom ingen søkjarar til stillinga som sokneprest i Øystese/Ålvik ved 2.gongs utlysing heller. Bispedømet opplyser at stillinga vil verta lyst ut på nytt til hausten.
- Kyrkjetak-vøle. Her er prosessen i godt gjenge. Fungerande kyrkjevevje har hatt møte med kommunen, og er i ferd med å stabla på beina ei arbeidsgruppe som vil dra denne prosessen vidare. Teamet består både av kommunale medarbeidarar og byggmeistarar med kompetanse på helletak. Saman med fungerande kyrkjevevje vil me kvalitetssikra rapporten frå AKASIA, og i fellesskap med kommunen og bispedømet starta på den lange vegen det vert når Strandebarm, Øystese, Vikøy og Ålvik kyrkje skal få ei etterlengta totalvøle. Me vil også vurdera trongen for sikringstiltak på det enkelte bygget undervegs, saman med kommunen. Fungerande kyrkjevevje held kontakten med kommunen, og syter for at dei nødvendige budsjettvedtak kjem på bordet. Fellesrådet på si side vert fortløpande informerte, og vil gjera sine sjølvstendige vedtak som kyrkjeeigarar. Ei avgjerd er allereie teken av kyrkjevevja: *me tek til i Strandebarm*. Her er vedlikehaldstrongen størst. Årsaka til at ei avgjerd måtte takast raskt omkring prioritering, var eit tilskot hjå riksantikvaren. Her kan me få inntil 1,5 mill i tilskot til slike prosjekt, og søknadsfristen var 9. juni. Det var berre å hiva seg rundt. Søknad avsendt – no kryssar me fingrar for at me vert prioriterte.
- Eldre-gerilja er etablert: kyrkjegardsslåtten tek me sjølve i år. Det betyr lange dagar og mange timar for han som sit på plentraktoren. Til å ta finpussen på den enkelte kyrkjegard, har fungerande kyrkjevevja engasjert 4 stk lokale pensjonistar, ein i kvar bygd, som med stort hjarta og kjærleik til kyrkjegarden vil syta for at det alltid er velstelt. Lokalt er best – alltid.

Sak 13/23 Årsmelding Kvam kyrkjelege fellesråd 2022

Å r s m e l d i n g 2022

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2022.

Kvam kyrkjelege fellesråd er eit samlande organ for alle sokna i Kvam. Fellesrådet er gjennom kyrkjelova gjeven arbeidsgjevarfunksjon for alle kyrkjelege tilsette, bortsett frå prestane. Fellesrådet sin funksjon er også å syta for drift og vedlikehald av alle kyrkjene i Kvam, samt leggja til rette for gode kyrkjelege tenester for alle. Kyrkjeleg fellesråd er også offentleg gravferdsforvaltning for alle innbyggjarar i heradet, uansett trussamfunn og livssyn.

Det er Kvam herad som gjennom kyrkjelova er pålagd å syta for at fellesrådet får dei økonomiske rammer dei treng til naudsynt drift for å løysa desse oppgåvene.

Fellesrådet har i 2022 hatt fylgjande medlemer:

1. Ingvill Sørheim, Vikøy
2. Astrid Helleve Fylkesnes, Vikøy
3. Oddvar Ulltang, Øystese
4. Astrid Lunestad, Øystese
5. Olav Per Tombre, Strandebarm, nestleiar
6. Kåre Milje, Strandebarm
7. Knut Hovland, Ålvik
8. Lisbeth Henriksen, Ålvik, leiar
9. Vetle Karlsen Eide, Vikøy/Strandebarm (geistleg repr.)
(frå 1.12.2022 gjekk prost Arild Hellesøy inn for sokneprest Vetle Karlsen Eide)
10. Gunnar Kvandal, FrP (heradet sin repr.)

Personlege vararepresentantar:

1. Eimund Solsvik, Vikøy
2. Trude Vestbø, Vikøy
3. Kjell Dysvik, Øystese
4. Ruben Øystese, Øystese
5. Anne Marie Bogetveit Berge, Strandebarm
6. Torunn Baldersheim, Strandebarm
7. Ragnhild Nordheim, Ålvik
8. Gunn Marie Ålvik, Ålvik
9. Lars Arne Vik Øystese/Ålvik (geistleg repr) (Roar Strømme frå 1.9 2022)
10. ???

Kvam kyrkjelege fellesråd hadde i 2022 6 stk møte i samsvar med vedteken møteplan, og gjorde vedtak i 50 bokførte saker.

Kyrkjelege stillingar:

Nye arbeidstakarar dette året:

- Ulf Krupka, kantor. Han tok til i stillinga 1.aug 2022
- Inger Karin Tordal, sakshandsamar. Ho tok til i stillinga 1. juni 2022

Permisjonar:

- Mampion Andriamandimby var ute i svangerskapspermisjon i tidsrommet 1. juni og ut året.

Medarbeidarar som har slutta i 2022:

- Margrete Lid Kjosås, kyrkjemusikar. Ho gjekk av med AFP 1. august 2022.
- Anne Kari Sørheim, sakshandsamar. Ho gjekk av med AFP 1. juni 2022.

Ved utgangen av året hadde fellesrådet såleis 16 personar tilsett, med tilsaman 10,5 årsverk. Desse fordeler seg slik:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland, kyrkjeverje/dagleg leiar 100 %
Mampion Andriamandimby, kateket 100 %
Sevinj Asgarova, organist 100 %
Bjørn Kåre Thorvaldsen, kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar 100%
Arne Severin Sandal, kyrkjegardsarbeidar 100%
Heine Ugletveit, kyrkjegardsarbeidar 100 %
Franckie Andrianaivo, kyrkjetenar 100%
Ulf Krupka, organist 80 %
Inger Karin Tordal, sakshandsamar 70 %
Solveig Lønning Sangolt, kyrkjelydspedagog 60%
Monica S. Skogvoll, kyrkjetenar 40 %
Eirin Beate Åserud-Løvlid, kyrkjemusikar 33%
Bryna Opdal, kyrkjelydspedagog 30 %
Sylvi Elvatun, kyrkjetenar 30 %
Anja Øvrevik Lofthus, klokkar Ålvik 7 %
Siv Ljones, reinhaldar Strandebarm 3 %

I tillegg har Eivind Daniel Brakvatne Røed vore tilsett som konfirmantlærer i 30% stilling. Her har det vore eit spleiselag med bispedømet. Dette er eit prosjekt som me søker å halda fram med.

I Øystese, Strandebarm og Vikøy sokn er det etablert klokkarteam, for å løysa desse lovpålagde stillingane. Lønsutgiftene har gått som tilskot til sokneråda i dei tre bygdene.

Når det er trong for ekstra mannskap til graving i travle tider, leiger me inn gravehjelp frå Landbrukstenester Hordaland i Øystese, eller Harald Kjosås. Desse har etter kvart stor kompetanse på dette, og er viktige brikker i det daglege puslespelet. Det er også vanskeleg å unngå å nemna Arvid Strømme sin innsats når status skal gjerast opp for 2022. Han er ofte nytta som vikar for kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar.

«Kyrkjeblad for Kvam» har hatt sokneprest Lars Arne Vik som redaktør. Han har vore frikjøpt av fellesrådet til denne oppgåva. Denne ordninga er no opphøyr, og fungerande kyrkjeverje har i dag stillinga som redaktør for kyrkjebladet.

Me har ikkje klart å fylla opp stillingane knytt til trusopplæringsarbeid. Her skortar det, spesielt tiltaka for dei årskulla ifrå skulestart og oppover. Det er likevel grunn til å berømma dei mange i sokneråd som tok ein tørn i kortare eller lengre samanheng, og ikkje minst tilsette i andre stillingar som også gjekk inn og gjorde manns arbeid i trusopplæringsarbeidet. Også for konfirmantarbeidet vart me i beit for folk, - men oppgåvene er gjennomførte. Sjå elles om økonomi.

Fellesrådet vil takka tilsette og frivillige medarbeidar for den tenesta kvar av dei gjer.

Vi vil også bera fram ei takk til dei som har slutta siste året for den tenesta dei har utført.

Likeins vil vi ynskje dei nye medarbeidarane velkomne til samarbeid og spennande utfordringar i teneste for kyrkjelydane i Kvam.

Budsjettmidlar/Rekneskap:

Endeleg budsjett for 2022 var på kr 11 224 000, - der Kvam herad med sine 5 895 000,00,- er største bidragsytaren. Rekneskapen for 2022 viser eit negativt driftsresultat på kr - 1 945 308,-

Det driftsmessige underskotet skuldast fleire ting: det torer vera velkjent at straumprisane har skote i veret til høgder ingen av oss såg for seg for kort tid sidan. Dette har slått brutalt ut for våre kyrkjebygg, som er store og tunge å varma opp. Noko vedlikehaldsvarme lyt me ha heile året pga vatn, orgel og kyrkjekunst – me kan rett og slett ikkje senka kviletemperaturen ned under 10 grader.

Større vedlikehaldsarbeid er også gjort dette året, mellom anna reparasjon av tak over sakristiet i Øystese, samt utarbeidd ein lengre rapport over trongen for større vedlikehald av fleire av kyrkjetaka våre. Desse er etterkvart modne for å ta ned, skifta det som trengs, og leggja opp att. Dette vert viktige saker å arbeida med saman med Kvam herad i åra som kjem.

Pensjonforpliktingane våre til KLP vart også monaleg høgare enn budsjettert. Desse er vanskeleg å berekna, eit ustyrleg internasjonal rentemarknad, krig i Europa – det er mange ting som slår inn her, også for eit lite landsens kyrkjeleg fellesråd.

Men det svake resultatet skuldast også fleire ting: Manglande inntekter i form av ikkje utsende refusjonskrav til NAV, og manglande utfakturering av både festeavgift, utleige, manglande innkrevjing av diverse kyrkjelege avgifter og annonseinntekter i kyrkjebladet, og ikkje ubetydelege inkassokostnader er med på å dra det negative resultatet i feil retning. Ein del av dette er råd å retta opp att i 2023 gjennom fakturering etterskotsvis, men noko er også tapt.

Det er også grunn til å peika på at mangelen på tilsette i trusopplæringsarbeidet på grunn av permisjonar og vakansar, i neste omgang vil få konsekvensar for tilskotet frå Bjørgvin bispedøme, som baserer seg på refusjonar for det som reellt er brukt til formålet. Her kan me difor fort få eit nedtrekk i inntekta i 2023.

Det har også blitt tilsett arbeidstakarar i faste stillingar utan utlysing, og utan fellesrådet sin kunnskap og godkjenning.

Fellesrådet kjenner likevel ikkje til forhold som ikkje går fram av rekneskapen og balansen med noter.

Arbeidsmiljø

Styret vurderer arbeidsmiljøet blant dei tilsette i fellesrådet i dag som godt. Det har vore til dels krevjande utfordringar som er gripe tak i, og som ser ut til å ha funne si løysing.

Tilsette i fellesrådet har ikke vore utsette for ulukker eller skader i samband med utføringa av sitt arbeid.

Likestilling

Fellesrådet hadde ved årets utgang 16 tilsette, 11 kvinner og 5 menn. Arbeidstid og lønn er rettferdig fordelt mellom kjønna. Fellesrådet sin personalpolitikk er kjønnsnøytral på alle område. Fellesrådet består av 10 personar, der 4 er kvinner, 6 er menn.

Ytre miljø

Fellesrådet driv ikkje verksemd som ureinar det ytre miljøet.

Kontroll og etisk standard

Fellesrådet arbeider kontinuerleg med å forbetra rutinar og kontroll for å ivareta den høge etiske standarden som vårt arbeid må ha. Me er betrudde store verdiar, og arbeider innanfor kjenslevare felt i livet. Me må syna oss tilliten verdig kvar einaste dag.

Kyrkjene:

- * Utgifter til oppvarming av kyrkjene utgjer ein vesentleg del av driftsutgiftene til fellesrådet. For tida kjøper vi straum frå Fjordkraft, og har også ein avtale med dei.
- * Vedlikehald: Av store tiltak i 2022 må nemnast reparasjon av kyrkjetaket over sakristiet i Øystese, og mykje nytt og nødvendig utstyr til kyrkjegardsarbeidar.
- * Dei tilsette arbeidarane våre har også i år teke ein del mindre vedlikehald når tida tillet dette. Det er likevel eit klart ynskje om å styrkja vedlikehaldssida av kyrkjene med kompetent personell når det kjem til nye utlysingar hjå oss.
- * På oppdrag frå Kvam kyrkjelege fellesråd vart det gjennomført ein undersøking av alle kyrkjetaka på kyrkjene i Kvam hausten 2022. Resultatet av denne undersøkinga viste store vedlikehaldsbehov for alle kyrkjene.

Kyrkjegardane:

- * I 2022 har fellesrådet hatt avtale om stell/vedlikehald av 180 private graver. Det praktiske arbeidet har kyrkjetenarane utført ved fire av kyrkjegardane. Resten har vi fått utført etter kontrakt hjå firmaet Rusk og Rask.
- * Arbeidet med slått på kyrkjegardane i vekstsesongen har fellesrådet delvis sytt for sjølve i 2022, og til dels har me leigd inn Landbrukstenester Hordaland også til dette arbeidet.
- * Det må framleis sikrast nok areal til framtidig utviding av kyrkjegardane i heradet. Men me har no god oversikt over ledige graver, og me ser at det faktisk aukar med ledige graver for kvart år, på alle kyrkjegardar. Dette skuldast at mange slettar gamle graver, og at det oftast er tidlegare brukte graver som vert nytta ved gravferd. Slik sett ser det i skrivande stund ut til at kapasiteten på gravfronten er rikeleg. Me har 2500 ledige graver i Kvam, det statlege kravet er 260. (folketal x 3%)
- * Det er også sett i gang arbeid med å prosjektera inn *namna minnelundar* ved kyrkja i Norheimsund og på kyrkjegarden i Øystese.
- * Det er også utarbeidd ein plan for den samla gravferdsforvaltninga i Kvam herad. Denne vart vedteken av fellesrådet i 2016. Denne belyser både arealtrong, avgifts- og festeproblematikk, nye gravferdsreformer, nye gravminneskikkar, gravferder for andre religionar – og mykje anna.

Planarbeid / Mål:

* Rekneskaptala viser eit stort resultatsmessig underskot for 2022. Dette er på heile kr - 1 945 308,- Dette er alvorlege tal. Etter fungerande kyrkjeverje sitt syn viser dette at trongen for auka økonomisk kompetanse i fellesrådet, både på administrativt og styrenivå, er heilt naudsynt. Det bør også aktualisera spørsmålet om korvidt dagens organisering av kyrkje-Noreg er berekraftig, der små fellesråd – ofte med berre ein person i administrasjonen - skal bera stort ansvar for svært ulike profesjonar, herunder rekneskap, personal, løn, oppfølging av NAV, vedlikehaldsansvar for store kulturbygg, og drift av gravferdsforvaltninga. Denne bekymringa er også i tråd med Kvam kyrkjelege fellesråd sitt innspel til det landsomfattande arbeidet med heilskapeleg kyrkjeleg organisering.

* Sokneråda sine lovpålagde oppgåver innan kyrkjelydsarbeid, undervisning, og kyrkjemusikk vart likevel gjennomført som planlagt – med dei tidlegare nemnde atterhalda. Me arbeider etter vedteken trusopplæringsplan, og plan for kyrkjemusikk. Men som nemnt: på grunn av vakansar og sjukmeldingar, har mykje av trusopplæringsarbeidet for barn i alderen 7-12 år lege brakk.

* Takka vere frivillig innsats og engasjement i kyrkjelydane har vi fått gjennomført mange og store viktige oppgåver utan at kostnaden vart belasta fellesrådet. Dei friviljuge i kyrkjelydane representerer ein enorm ressurs for fellerådet. Det er berre å bøya seg audmjukt i støvet.

Norheimsund 20.april 2023.

For Kyrkjeleg Fellesråd i Kvam:

Lisbeth Henriksen
leiar

Olav Skeie Lid
fungerande kyrkjeverje og sekretær

Sak 14/23 Rekneskap for Kvam kyrkjelege fellesråd 2022

Framlegg til vedtak:

Kvam kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen med noter for 2022, slik den er framlagd. Fellesrådet bed kyrkjeverje søkja Kvam herad om ekstra løyving for 2023, for å dekkja deler av - eller heile underskotet for 2022.

Del A Driftsregnskap		2022	Justert	Opprinn	2021
Utgifter		Driftregnskap	budsjett	budsjett	Driftregnskap
		2022	2022	2022	2021
010	Fastlønn	5 495 927,65	4 900 000	4 900 000	4 726 665,52
020	Vikarer	139 169,25	250 000	250 000	392 202,95
060	Trekkpliktige godtgjørsele	18 425,35			12 894,21
080	Godtgjørelse folkevalgte	31 728,00	41 000	41 000	32 784,00
090	Pensjonsinnskudd	814 938,45	800 000	800 000	654 969,00
095	Trekkpliktige forsikringsordninger	41 243,00	40 000	40 000	30 179,00
099	AGA	598 466,75	550 000	51 940	575 098,43
100	Kontormateriell	29 345,54	40 000	40 000	20 707,50
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/utstyr/tjenester	386 179,50	225 000	225 000	286 926,98
120	Annet forbruksmaterieil	113 529,97	126 000	126 000	72 169,92
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	70 330,41	110 000	110 000	92 883,81
140	Annonser, reklame, info og representasjon	297 786,80	222 000	222 000	218 159,16
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	22 205,89	40 000	40 000	8 441,00
160	Utgifter og godtg. for reiser, se heftet	122 951,12	60 000	60 000	85 150,80
165	Annen oppg.pliktig, men ikke trekkpl ytelse	69 282,45	10 000	10 000	12 493,60
170	Reiseutgifter, drift av egne transportmiddel	59 285,51	80 000	80 000	52 004,13
180	Energi	310 828,41	600 000	600 000	400 511,99
185	Forsikringer	207 658,00	210 000	210 000	186 053,19
190	Leie av lokaler og grunn	2 700,00	10 000	10 000	2 800,00
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	367 710,25	350 000	350 000	313 545,76
200	Inventar og utstyr	10 537,60	130 000	130 000	5 259,20
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	-	100 000	100 000	
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	102 128,43	70 000	70 000	210 496,90
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	542 979,74	350 000	350 000	133 091,08
240	Serviceavtaler og reparasjoner	37 869,45	130 000	130 000	57 350,91
250	Materialer til vedlikehold	108 979,28	80 000	80 000	103 228,00
265	Vakthold og vektertjenester, alarmsystemer	62 985,60	70 000	70 000	55 757,20
270	Andre tjenester, se heftet	643 848,00	400 000	400 000	356 610,00
350	Refusjon til menighetsråd	53 193,00	100 000	100 000	25 746,50
370	Refusjon til andre				
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	633 976,00	600 000	600 000	606 515,00
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner				
500	Renteutgifter	22 033,99	30 000	30 000	5 223,15
510	Avdragsutgifter	13 765,00			
530	Dekning av tidligere års regnskapsm. merforbruk	179 222,56			
540	Avsetning til disposisjonsfond				
550	Avsetninger til bundne fond	166 810,50			142 392,85
570	Overføring til investeringsrekneskap	101 610,00			308 728,00
580	Regnskapsmessig overskudd				
590	Avskrivninger	551 406,00	500 000	500 000	478 681,00
Sum		12 431 037,45	11 224 000	10 725 940	10 665 720,74

Inntekter					
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester		25 000	25 000	
610	Betaling fra deltakere	100 500,00	220 000	220 000	51 500,00
620	Sal av varer og tjenester utenom avg.omr	187 712,00	250 000	250 000	55 309,20
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	638 790,00	1 100 000	1 100 000	478 891,10
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester	224 155,90	240 000	240 000	317 714,56
660	Salg av driftsmidler	35 000,00			
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner frå trygdeetaten	628 045,00	500 000	500 000	441 645,00
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet				71 625,00
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	633 976,00	500 000	500 000	534 890,00
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	1 210 366,00	1 200 000	1 200 000	1 223 720,00
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	5 894 994,00	5 895 000	5 895 000	5 755 993,00
850	Tilskudd fra menighetsråd		50 000	50 000	
870	Tilskudd/gaver fra andre	165 765,50	120 000	120 000	151 458,74
900	Renteinntekter	7 970,00	10 000	10 000	7 443,00
920	Mottatte avdrag på utlån				
950	Bruk av bundne fond	207 049,00			183 585,00
930	Bruk av udisponert frå tidl år		150 000	150 000	447 542,58
980	Regnskapsmessig underskudd				286 500,00
990	Motpost avskrivninger	551 406,00	500 000	500 000	478 681,00
Sum		10 485 729,40	10 760 000	10 760 000	10 486 498,18
		1 945 308,05	-34 060	-34 060	179 222,56
Del B Investeringsregnskap					
Utgifter					
200	Inventar og utstyr	584 000,00			286 500,00
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner				
428/429	Mva som gir rett til momskompensasjon				71 625,00
520-529	Klp-eigenkapital	23 126,00			22 228,00
550	Avsetninger til bundne fond				
580	Regnskapsmessig overskudd				
Sum		607 126,00	-	-	380 353,00
Inntekter					
870	Tilskudd/gaver fra andre				
970	Overføring frå driftsrekneskap	101 610,00			308 728,00
980	Regnskapsmessig underskudd/meirforbruk				
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet				71 625,00
920	Lån	505 516,00			
950	Bruk av bundne fond				
Sum		607 126,00	-	-	380 353,00
		-	-	-	-

Sak 15/23 Revisjonsrapport 2022

Denne er i skrivande stund ikkje motteken, og vert ettersend.

Sak 16/23 Budsjett 2023

Framlegg til vedtak:

Kvam kyrkjelege fellesråd vedtek framlagde budsjett som endeleg budsjett for 2023.

		Budsjett 2023	
Utgifter			
010	Fastlønn	kr	5 700 000,00
020	Vikarer	kr	150 000,00
060	Trekkpliktige godtgjørslse	kr	20 000,00
080	Godtgjørelse folkevalgte	kr	40 000,00
090	Pensjonsinnskudd	kr	800 000,00
095	Trekkpliktige forsikringsordninger	kr	60 000,00
099	AGA	kr	650 000,00
100	Kontormateriell	kr	40 000,00
110	Aktivitetsrelatert forbruksmat/utstyr/tjenester	kr	150 000,00
120	Annet forbruksmaterieill	kr	70 000,00
130	Post, bank, telefoni og datalinjer	kr	80 000,00
140	Annonser, reklame, info og representasjon	kr	180 000,00
150	Opplæring, kurs (ikkje oppg.pliktig)	kr	20 000,00
160	Utgifter og godtg. for reiser	kr	80 000,00
165	Annen oppg.pliktig, men ikke trekkpl ytelse	kr	15 000,00
170	Reiseutgifter, drift av egne transportmiddel	kr	80 000,00
180	Energi	kr	700 000,00
185	Forsikringer	kr	220 000,00
190	Leie av lokaler og grunn	kr	5 000,00
195	Avgifter, gebyrer og lisenser	kr	250 000,00
200	Inventar og utstyr	kr	30 000,00
210	Leie, leasing, kjøp av transportmidler	kr	60 000,00
220	Leie, leasing, kjøp av maskiner	kr	50 000,00
230	Vedlikehold og byggtjenester, nybygg	kr	100 000,00
240	Serviceavtaler og reparasjoner	kr	100 000,00
250	Materialer til vedlikehold	kr	100 000,00
265	Vakthold og vektertjenester, alarmsystemer	kr	80 000,00
270	Rekneskap og revisjon	kr	500 000,00
350	Refusjon til menighetsråd	kr	100 000,00
370	Refusjon til andre		
429	Mva som gir rett til momskompensasjon	kr	620 000,00
430	Tilskudd til kommune/komm institusjoner		
500	Renteutgifter	kr	15 000,00
510	Avdragsutgifter		
530	Dekning av tidliger års regnskapsm. merforbruk	kr	-
540	Avsetning til disposisjonsfond		
550	Avsetninger til bundne fond		
570	Overføring til investeringsrekneskap	kr	-
580	Regnskapsmessig overskudd		
590	Avskrivninger	kr	400 000,00
Sum			11 465 000
Inntekter			
600	Brukerbetaling ved kirkelige tjenester	kr	70 000,00
610	Betaling fra deltakere	kr	200 000,00
620	Sal av varer og tjenester utenom avg.omr	kr	250 000,00
630	Husleieinnt/utleie av lokale/festavgift	kr	1 700 000,00
650	Avgiftspliktig salg av varer og tjenester	kr	400 000,00
710	Sjukelønnsrefusjonar/refusjoner frå trygdeetaten	kr	700 000,00
728	Kompensasjon mva påløpt i inv.regnskapet		
729	Kompensasjon mva påløpt i driftsregnskapet	kr	600 000,00
800	Tilskudd fra staten/statlige institusjoner	kr	1 300 000,00
830	Tilskudd fra kommune/komm institusjoner	kr	6 113 107,00
850	Tilskudd fra menighetsråd	kr	50 000,00
870	Tilskudd/gaver fra andre	kr	200 000,00
900	Renteinntekter		
950	Bruk av bundne fond		
930	Bruk av udisponert frå tidl år		
980	Regnskapsmessig underskudd		
990	Motpost avskrivninger	kr	100 000,00
Sum			11 683 107

17/23 Kjøp av kraft

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd gjev fungerande kyrkjeverje fullmakt til å inngå kraftavtale hjå Kvam kraftverk, dersom desse kan levera på like gode vilkår som konkurrentar.

Me kjøper i dag kraft til kyrkjene våre gjennom Fjordkraft. Desse har igjen ein avtale med KNIF, Kristen-Norges Innkjøpsfellesskap. Avtalen er for så vidt ein grei avtale for Kvam kyrkjelege fellesråd, men fungerande kyrkjeverje ynskjer likevel å kjøpa denne tenesta lokalt. Her handlar det ikkje så reint lite om ideologi: dersom dei varer og tenester me treng i kyrkja finst lokalt, så kjøper me dei lokalt. Kyrkja i Kvam skal vera ein lokal aktør å rekna med, og me bør ha høgt på agendaen at vår bruk av pengar skal koma lokalsamfunnet til gode.

Tilbodet som ligg på bordet hjå Kvam kraftverk i dag, er fullt på høgde med Fjordkraft sitt tilbod.

18/23 Kjøp av rekneskapstenester

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd gjev fungerande kyrkjeverje fullmakt til å inngå avtale om kjøp av rekneskapstenester hjå lokale tilbydarar.

Kvam kyrkjelege fellesråd kjøper i dag rekneskapstenester hjå Aider i Bergen, etter å ha vore lokalt forankra hjå Vekstra i Øystese i mange år. Aider er spesialist på rekneskap for kyrkjelege fellesråd, og har unekteleg kompetanse på dette. Likevel: Aider vert i kvardagen opplevd som tungvint, byråkratisk og lite brukarvenleg. Oppstartkostnaden har vore høg. Timesatsane hjå Aider i Bergen er betydeleg høgare enn hjå lokale tilbydarar. Også her vert det same argumentasjonen som i førre sak: denne tenesta finst i Kvam, den er tilgjengeleg rimelegare og meir praktisk i vårt nærmiljø, der menneske kan møtast over eit skrivebord og ikkje berre på TEAMS, og der kommunikasjonen og kunnskapen om lokale tilhøve er betre enn hjå yrkesbrør i Bergen. Og ikkje minst: me vil vera ein lokal aktør som står opp om arbeidsplasser og næringsliv i Kvam.

Eit skifte vil innebera endå ein oppstartkostnad for fellesrådet – **ja**. Me har nett gjennomført dette skiftet, og det kan nok frå utsida opplevast som lite gjennomtenkt å skifta nok eingong. Fungerande kyrkjeverje er såleis i tvil om si tilråding i denne saka. Det er også råd å stilla spørsmål ved om det er rett å gjera eit slikt grep når ein har situasjon med nettopp berre ei *fungerande kyrkjeverje*? Men ut frå det eg ser og opplever i kvardagen, trur eg dette skiftet vil koma før eller sidan. Då er det mitt råd at me bit i det økonomisk sure eplet, og vender heim att til Kvam snøggast råd.

19/23 Kjøp av revisjonstenester

Framlegg til vedtak: Kvam kyrkjelege fellesråd gjev fungerande kyrkjeverje fullmakt til å inngå avtale om kjøp av revisjonstenester hjå lokale tilbydarar.

Argumentasjonen i denne sak er til forveksling lik sak 18 og 19. Det må vera eit mål for fellesrådet å leggja att så mykje pengar som råd er lokalt i Kvam. Tilbydarar av revisjonstenester finst her lokalt, og erfaringstal viser at timesatsar *er* rimelegare i Kvam enn i Bergen. Også i denne saka spelar tungvint og lite brukarvenleg kommunikasjon ei avgjerande rolle. Og nok eingong: her kan ein møtast andlet til andlet, noko fungerande kyrkjeverje tenkjer på som ein heilt avgjerande kvalitet i alt arbeid.

Sak 20/23 Personalsak

– møtet vert lukka.